

# 2019

2. kvartal





## Kommentarar 2. kvartal 2019

### Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med eigedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit samla resultat etter skatt på 113,8 mill. kroner hittil i år. Dette er 51,4 mill. over resultatet på same tid i fjor og kjem i hovudsak frå ekstraordinære inntekter som er omtala i avsnittet om bankverksemda nedanfor.

### Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 86,1 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 158,8 mill. kroner som svarar til 2,98 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 85,8 mill. over tilsvarande periode i fjor. Resultatet er prega av to ekstraordinære inntekter i kvartalet, men det er viktig for banken at underliggjande bankdrift viser tal i tråd med forventningane.

Som omtala i kommentarane til rekneskapan for 1. kvartal er det i 2. kvartal to inntekter som påverkar banken sitt resultat i vesentleg grad. For det første har banken fått utbetalt eit ekstraordinært utbytte frå selskapet Samarbeidende Sparebanker AS på 25,3 mill. og kjem frå oppgjeret etter forsikringsfusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring og DNB Skadeforsikring i starten på året.

I tillegg er også endringa i eigarstrukturen i BN Bank ASA som vart omtala i rekneskapan for 1. kvartal også gjennomført i 2. kvartal. Dette har gitt banken ein salsgevinst på 52,1 mill. kroner. I sum gir desse to transaksjonane ei ekstraordinær inntekt på 77,4 mill. kroner i 2. kvartal.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 95,6 mill. kroner og er 6,3 mill. over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal uendra på 1,79 %. Det var den også i same periode i fjor. I denne posten inngår også 2,6 mill. i kostnadsført i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer ca. halvparten av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 151,2 mill. kroner mot 72,5 mill. i same periode i fjor. Auken tilsvarar om lag dei omtala ekstraordinære transaksjonane omtala ovanfor.

Andre driftsinntekter elles ligg samla sett om lag på same nivå som i fjor, men har litt høgare utbytte og litt lågare provisjonsinntekter så langt i år.

Driftskostnadane per 2. kvartal går ned frå 70 mill. i fjor til 68,6 mill. kroner i år. Det er så langt i år litt lågare lønskostnader enn i fjor, men dette har litt med utbetalingstidspunkt å gjere. Administrasjonskostnadane har ein vekst på litt over 9 prosent i 1. halvår. Denne posten inneheld mange kostnadspostar, men auken kjem hovudsakleg frå kostnader i alliansen og marknadsføring. Nedgangen i posten andre driftskostnader kjem i hovudsak som eit resultat av at fleire bankbygg vart hausten 2018 rekneskapsmessig flytta frå dotterselskap til morbank. Dette reduserer husleigekostnader, men aukar posten avskrivningar. I sum er samla kostnader til lokale litt lågare etter endringa.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 2,9 mill. kroner. Nedskrivningar knytt til utlån er redusert med 2,1 mill. så langt i år så tapskostnaden kjem i hovudsak frå konstatering av tap på enkeltengasjement.

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 11,1 mrd. kroner etter ein vekst på 8,1 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån samt overførte lån til kredittføretaket SpareBank 1 Boligkreditt AS (boligkreditt) har ein vekst frå 2. kvartal i fjor på 567 mill. kroner eller 5,1 %. Banken har overført bustadlån for i underkant av 2,5 mrd. kroner til boligkreditt. Dette utgjer 21,6 % av balanseførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 72,1 % til privatmarknaden og 27,9 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 92,4 mill. av utlånsvolumet og er ein auke på 46,2 mill. frå same tid i fjor. Sidan utgangen av 2018 har volumet auka med 54,8 mill. kroner. Auken gjeld i hovudsak eit engasjement der banken vurderer at det ikkje er nokon tapsrisiko. Misleghaldet utgjer med det 1,03 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 48,6 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 7 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 2. kvartal er på nesten 8,1 mrd. kroner som er ein auke på 586 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 4,5 mrd. frå privatmarknaden og 3,6 mrd. frå bedriftsmarknaden. Auken siste 12 månader er på 7,8 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 90 % mot 88 % for eit år sidan.

Banken har per utgangen av mars ca. 1,5 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på ca. 1,3 mrd. kroner, eit banklån pålydande 100 mill. kroner og to ansvarlege lån på til saman 120 mill. kroner. Ingen av innlåna har resterande løpetid på under eit år.

## Eigedomsmekling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og har 22,6 årsverk. Selskapet har hatt ein sterk aktivitetsvekst dei siste par åra og har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal. I Valdres er selskapet i ein utfordrarposisjon, men er i ferd med å etablere seg som ein av dei større aktørane i lokalmarknaden.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på 2,9 mill. som er 0,4 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene på 23,1 mill. er 0,2 mill. under 2. kvartal i 2018. Så langt i år har selskapet omsett 337 eigedomar mot 351 i same periode i fjor.

## Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 44,5 årsverk og har kontor i 5 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 2. kvartal på 2,0 mill. noko som er 1,1 mill. betre enn i tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene aukar med 5,3 mill. til 25,3 mill. kroner i det same tidsrommet.

## Andre verksemdar

Ved sida av morselskapet si eiga drift av eigedomar blir Heggnes og Fagernes drifta av SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS. Selskapet har i kvartalet eit underskot før skatt på 0,6 mill. kroner. Dette er eit 0,3 mill. betre enn same periode i fjor. Endringar i bygningsmassen på Heggnes er under prosjektering.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har ein eigedom på Geilo der eit utviklingsprosjekt i ein tidleg fase. Resultatet før skatt per 2. kvartal er på -0,4 mill. kroner noko som er 0,2 mill. under same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtosal på Flå og framdrift i prosjektet på Geilo.

## Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i det felleskontrollerte selskapet Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). Banken var tidlegare eigar i Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS, men dette selskapet er avvikla i kvartalet som følgje av endringar på eigarsida i BN Bank ASA jf. omtale ovanfor.

SamSpar er eigd av dei 10 minste bankane i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå SamSpar inngår i konsernrekneskapen

i tillegg til morbanken og dotterselskapa. I første halvår utgjer selskapet sitt resultat til saman 62,1 mill. kroner etter skatt. I dette resultat ligg ca. 38 mill. kroner frå forsikringsfusjonen som vart inntektsført i 1. kvartal av det samla konsernresultatet på 113,8 mill.

## Kapitaldekning

Frå og med 2018 vart det innført krav om innkonsolidering av eigardelar i føretak i samarbeidande gruppe i utrekning av kapitaldekning. Reglane gjer at selskapa SB1 Boligkreditt AS, SB1 Kredittkort AS, SB1 SMN Finans AS og SB1 Næringskreditt AS blir konsolidert inn i høve til eigardelar i utrekninga for konsernet. Etter desse reglane har konsernet ved utgangen av 2. kvartal ei kapitaldekning på 19,0 %. Morbanken har ei kapitaldekning på 19,5 %. Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har eit ansvarleg lån på 120 mill. kroner som styrkar den ansvarlege kapitalen og kapitaldekninga.

## Banken sin grønne balanse

Banken har i fleire år satsa på utlansprodukt som kan vere med på å finansiere tiltak som er med på å spare miljøet. Banken har hatt produkt som miljølån, sollån og varmpumpelån med svært gunstige vilkår. Så langt har volumet på desse utlansprodukta utgjort ein beskjeden del av banken si utlansportefølje. I juni gjekk banken lengre og lanserte fleire nye produkt og målet på sikt er å bygge ein betydeleg «grøn» balanse, dvs. at ein har innskotsprodukt som er med på å finansiere utlån til bærekraftige investeringar. Eit nytt produkt er grønt bustadlån der god energiklassifisering på bustaden kan gi ekstra god rente på bustadlånet. Grønt næringslån er eit tilbod til næringslivet som vil satse på bærekraftige investeringar. Dette er produkt som over tid kan gje stort utlånsvolum. I rapporteringa pr. 2. kvartal er den grønne balansen beskjeden, men me startar rapportering med tanke på at banken etter kvart får ein større del av balanse som finansierer gode miljømessige tiltak.

## Forsikringsfusjon

Fremtind Forsikring AS vart 1. januar 2019 eit resultat av fusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring AS og DNB Skadeforsikring AS. Fusjonen vart grundig omtala i kvartalsrekneskapen for 3. kvartal 2018 og i årsrapporten for 2018.

Fremtind Forsikring AS har per dags dato ikkje fått konsesjon til å overføre personforsikringsprodukta frå SpareBank 1 Forsikring AS og DNB Livsforsikring AS. Desse produkta er forventet overført til det nye dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS i løpet av 2019 under føresetnad av endeleg godkjenning frå Finanstilsynet.

## Framtidsutsikter

Samstundes som konsernet legg fram eit svært godt halvårsresultat, er framtidsutsiktene meir usikre enn nokon gong. Internasjonal uro med Brexit, handelskrig og Persiabukta som nokon viktige stikkord, bremsar den økonomiske veksten. Dette kombinert med fallande kredittvekst i Noreg, forventningar om avtakande inflasjon og større kamp om utlånskundane for å halde utlånsveksten oppe, kan få ein negativ påverknad på inntektsbiletet i konsernet fram i tid. På kort sikt gir god aktivitet i alle marknader ønska vekst, og konsernet forventar å leggje fram eit svært godt resultat for 2019.

Me forventar ingen auke i tapskostnader utover dei endringane som våre kredittmodellar viser.

Det er svært gledeleg å starte opp rapportering av den grønne balansen. Dette biletet er ikkje korrekt fordi morbanken har mange utlån og innskot i balansen som ein kan relatere til det grønne skiftet, men som ikkje er særskild identifisert. Gjennom ei brei grøn produktportefølje vil morbanken over tid få ei betre identifisering av kundar som arbeider aktivt og konkret for å bidra til det grønne skiftet. Identifiseringa og konsernet sitt målretta arbeid med den grønne balansen vil ta ned «klimarisikoen» som bransjen no arbeider med å identifisere.

Hallingdal, 30.06.19/13.08.19

Kjell Vidar Bergo  
styreleiar

Kristin Ourom  
nestleiar

Tore Østlund

Gro Lundby

Steinar Dahlen


Odd Holde

Vidar Isungset

Ellen Intelhus

Knut Oscar Fleten  
adm. direktør

## «Grøn» balanse per 30. juni 2019



# Resultatrekneskap 2. kvartal 2019

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN				
Året 18	2. kv. 18	2. kv. 19	30.06.18	30.06.19		30.06.19	30.06.18	2. kv. 19	2. kv. 18	Året 18
297 775	72 692	83 361	143 731	162 561	Renteinntekter og liknande inntekter	161 711	142 769	82 733	72 124	295 965
111 710	27 746	34 855	54 398	66 942	Rentekostnader og liknande kostnader	66 905	54 387	34 822	27 605	111 617
<b>186 066</b>	<b>44 946</b>	<b>48 507</b>	<b>89 332</b>	<b>95 618</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>94 806</b>	<b>88 382</b>	<b>47 911</b>	<b>44 519</b>	<b>184 348</b>
27 990	26 257	54 957	30 730	59 697	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	58 194	18 487	17 096	10 125	37 890
80 425	19 984	19 612	41 149	38 005	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	38 005	41 149	19 612	19 984	80 425
6 089	1 966	733	3 543	1 829	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 829	3 543	733	1 965	6 089
19 094	651	52 921	1 231	52 918	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	6 556	1 231	6 558	651	19 094
4 948	1 443	909	2 939	2 391	Andre driftsinntekter	45 933	43 202	21 175	21 167	80 336
<b>126 368</b>	<b>46 369</b>	<b>127 665</b>	<b>72 506</b>	<b>151 183</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>146 859</b>	<b>100 526</b>	<b>63 708</b>	<b>49 962</b>	<b>211 656</b>
<b>312 433</b>	<b>91 315</b>	<b>176 172</b>	<b>161 838</b>	<b>246 801</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>241 665</b>	<b>188 908</b>	<b>111 619</b>	<b>94 481</b>	<b>396 004</b>
76 174	13 499	12 983	32 983	32 293	Personalkostnader	60 904	60 469	25 617	26 712	131 328
40 616	10 708	9 780	19 708	21 540	Administrasjonskostnader	21 653	19 649	10 452	10 889	39 706
4 655	1 101	1 487	3 273	2 960	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	4 236	7 584	2 209	3 259	12 591
25 791	6 565	5 530	14 048	11 794	Andre driftskostnader	20 748	19 151	9 942	8 519	42 669
<b>147 235</b>	<b>31 873</b>	<b>29 781</b>	<b>70 013</b>	<b>68 587</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>107 541</b>	<b>106 853</b>	<b>48 220</b>	<b>49 379</b>	<b>226 294</b>
<b>165 198</b>	<b>59 442</b>	<b>146 390</b>	<b>91 825</b>	<b>178 214</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>134 124</b>	<b>82 055</b>	<b>63 399</b>	<b>45 102</b>	<b>169 710</b>
5 408	2 303	1 224	2 552	2 943	Tap på utlån, garantiar mv	2 942	2 552	1 224	2 303	5 408
142	89	-290	59	-484	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-484	59	-291	88	142
<b>159 648</b>	<b>57 050</b>	<b>145 456</b>	<b>89 214</b>	<b>175 755</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>131 666</b>	<b>79 444</b>	<b>62 466</b>	<b>42 711</b>	<b>164 160</b>
27 994	9 210	10 500	16 250	17 000	Skatt på ordinært resultat	17 828	17 030	10 769	9 728	27 719
<b>131 654</b>	<b>47 840</b>	<b>134 956</b>	<b>72 964</b>	<b>158 755</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>113 838</b>	<b>62 414</b>	<b>51 697</b>	<b>32 983</b>	<b>136 441</b>
<b>131 654</b>	<b>47 840</b>	<b>134 956</b>	<b>72 964</b>	<b>158 755</b>	<b>Resultat</b>	<b>113 838</b>	<b>62 414</b>	<b>51 697</b>	<b>32 983</b>	<b>136 441</b>

## Nøkkeltal

MORBANK	2. kv. 19	2. kv. 18	Året 18	Norm 18*
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,79	1,79	1,81	1,78
Driftskostnader i % av driftsinntekter	27,79	43,59	47,13	52,44
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,29	1,40	1,44	1,30
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	25,84	14,30	12,33	10,43
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	23,34	11,70	10,17	8,18
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	5,37	6,65	5,36	6,99
Overførte lån til kredittforetak (1000 kr)	2 474 015	2 364 187	2 454 499	
Utlånsvekst i % siste 12 mnd. inkl. overført til kredittforetak	5,21	7,06	5,94	7,51
Innskotsvekst i % siste 12 mnd.	7,83	5,82	4,00	5,80
Innskot i % av brutto utlån	90,03	87,98	85,46	81,38
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 mnd.	8,11	7,97	5,60	6,92
Likviditetsreserve i % (LCR)	141,00	164,00	169,00	187,35
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 262 819	1 158 719	1 256 260	
Kapitaldekning i %	19,52	19,26	20,02	21,41
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	9,70	9,60	10,05	10,08
Eigenkapitalprosent	13,34	12,64	12,47	11,18
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,54	0,59	0,57	0,52
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,03	0,03	0,06	0,09
<b>KONSERN</b>				
	<b>2. kv. 19</b>	<b>2. kv. 18</b>	<b>Året 18</b>	<b>Norm 18*</b>
Likviditetsreserve i % (LCR)	155,00	171,00	180,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	1 501 431	1 560 181	1 624 561	
Kapitaldekning i % **	19,04	19,83	21,41	20,17
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	9,04	9,32	9,64	

\* Byggrer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

\*\* Frå og med 1. kvartal 2018 blir tal etter nye konsolideringsreglar for eigarforetak i samarbeidande gruppe rapportert.

## Dotterselskap

Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINNTEKTER	30.06.19	30.06.18	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.06.19	30.06.18	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	23 061	23 232	-172	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	2 893	3 342	-449
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	0	3 707	-3 707	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	-80	319	-399
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-41	1	-43	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-403	-187	-216
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	25 325	19 977	5 347	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	1 992	891	1 102
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	1 681	2 311	-630	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-633	-976	343
<b>Sum</b>	<b>50 024</b>	<b>49 228</b>	<b>796</b>	<b>Sum</b>	<b>3 769</b>	<b>3 388</b>	<b>381</b>

# Balanse per 30. juni 2019

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.18	30.06.18	30.06.19	EIGEDELAR	30.06.19	30.06.18	31.12.18
74 786	72 109	69 488	Kontantar og fordringar på sentralbankar	69 488	72 109	74 786
507 703	616 457	897 217	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	897 267	616 477	507 727
8 893 341	8 505 105	8 961 943	Brutto utlån til og fordringar på kundar	8 914 427	8 409 179	8 845 591
-11 223	-11 918	-8 974	- Individuelle nedskrivningar	-8 974	-11 918	-11 223
-39 600	-38 300	-39 600	- Gruppevisse nedskrivningar	-39 600	-38 300	-39 600
8 842 518	8 454 887	8 913 369	Netto utlån til og fordringar på kundar	8 865 853	8 358 961	8 794 768
14 000	20 530	14 000	Overtekne eigedelar	14 000	20 530	14 000
412 795	413 740	446 403	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	446 403	413 740	412 795
573 316	541 114	576 708	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkasting	576 727	541 354	573 556
78 071	78 071	72 483	Eigarinteresser i tilknytta selskap	129 593	167 457	181 702
33 031	48 960	35 971	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
4 700	5 193	4 700	Immatrielle eigedelar	5 655	6 588	6 405
73 557	13 653	72 129	Varige driftsmidlar	92 930	97 045	94 234
11 912	7 250	2 148	Andre eigedelar	22 291	28 124	31 424
5 734	5 070	5 844	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	51 626	47 264	46 116
<b>10 632 123</b>	<b>10 277 035</b>	<b>11 110 461</b>	<b>Sum eigedelar</b>	<b>11 171 833</b>	<b>10 369 649</b>	<b>10 737 513</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
100 057	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 675	100 713	100 731
7 600 246	7 482 788	8 068 642	Innskot frå og gjeld til kundar	8 049 126	7 463 935	7 582 395
1 324 278	1 203 050	1 254 350	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 254 350	1 203 050	1 324 278
128 371	43 080	52 549	Anna gjeld	61 471	55 996	144 877
12 977	7 512	13 056	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	24 900	13 451	13 390
20 503	21 262	19 919	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	20 343	22 004	20 607
120 000	120 000	120 000	Ansvarleg lånekapital	120 000	120 000	120 000
<b>9 306 432</b>	<b>8 977 693</b>	<b>9 628 516</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>9 630 865</b>	<b>8 979 149</b>	<b>9 306 278</b>
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
<b>818 458</b>	<b>818 458</b>	<b>818 458</b>	<b>Sum innskote eigenkapital</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>
372 547	285 701	372 547	Utjammingsfond	372 547	285 701	372 547
126 698	114 181	126 698	Grunnfondskapital	126 698	114 181	126 698
7 989	8 039	5 489	Gåvefond	5 489	8 039	7 989
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	57 110	89 386	103 631
-	-	-	Anna eigenkapital	46 829	12 322	1 913
<b>507 233</b>	<b>407 922</b>	<b>504 733</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>608 673</b>	<b>509 629</b>	<b>612 778</b>
-	72 964	158 755	Resultat hittil	113 838	62 414	-
<b>1 325 691</b>	<b>1 299 343</b>	<b>1 481 946</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>1 540 968</b>	<b>1 390 500</b>	<b>1 431 235</b>
<b>10 632 123</b>	<b>10 277 035</b>	<b>11 110 461</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>11 171 833</b>	<b>10 369 649</b>	<b>10 737 513</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
458 180	507 733	472 482	Betinga forpliktingar	472 482	507 733	458 180

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	2. kv. 19	2. kv. 18	Året 18
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>			
Brutto misleghaldne lån	92 410	46 210	37 601
- individuelle nedskrivning	7 715	11 586	9 348
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>84 695</b>	<b>34 624</b>	<b>28 253</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	1 261	1 108	2 130
- individuelle nedskrivning	1 258	332	1 875
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>3</b>	<b>776</b>	<b>255</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>			
Endring gruppenedskrivning	0	400	1 700
Endring individuell nedskrivning	-1 923	2 194	1 890
Konstatert tap i perioden	5 705	195	2 289
Inngått på tidl.konst. tap	-839	-237	-472
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>2 943</b>	<b>2 552</b>	<b>5 407</b>



Tlf 9150 3202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Kontor:  
Geilo, Ål, Gol, Nesbyen, Flå, Hemsedal,  
Fagernes, Heggenes og Beitostølen

**SpareBank**   
HALLINGDAL VALDRES